



Miljøretta helsevern

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/985 - 15/6673

Saksbehandlar:

Einar Færø

einar.faero@radoy.kommune.no

Dato:

11.06.2015

## Tilsyn med bassengbad i Radøyhallen - svarbrev med tiltaksplan

Me orsakar at me ikkje har gjeve melding attende innan fristen som var den 01.04.05.

Dette har mellom anna årsak i stor arbeidsmengde og sjukemeldingar på eininga.

### § 9 Opplæring og tilsyn med persontryggleik.

For å sikra trygg og stabil drift bør fleire enn oppsynsmann vera oppført i drift av anlegget.

Radøy kommune v/teknisk drift har gjennom mange år hatt rutine for at driftspersonalet får prøva seg på ulike arbeidsoppgåver. Dette for å vera mindre sårbare ved sjukdom og om nokon ynskjer å slutta i stillingane sine. For bassenget i Radøyhallen har me ein bestemt driftsoperatør som går inn og erstattar vår faste oppsynsmann når dette vert naudsynt ved sjukdom og anna fråvær. Driftsoperatøren har 12 år med erfaring frå drift av badeanlegg i Bergen kommune. Sju av desse var var ved Sentralbadet. Det er også lagt opp til at dei ansvarlege for drifta får oppdatere seg gjennom aktuelle kurs.

### §4 Ansvar. Internkontroll

Det må koma tydeleg fram i internkontrollen korleis badeanlegget er organisert. Dette til dømes leiging, organisasjonskart, ansvar og oppgåver og delegering.

*Oppsynsmannen har ansvaret for den tekniske og daglege drifta av badeanlegget. I det ligg det mekanisk og maskinell drift, ansvar for vasskvalitet og temperatur, kjemikalietilsetning osv. Prøvetaking vert utført etter ein plan i tråd med krava. Oppsynsmannen har også generell tilsyn av hallen i høve til reinhald og utleige. Oppsynsmannen rapporterer til Einingsleiar Drift.*

*Einingsleiar Drift har budsjettansvar og ansvaret for at drifta vert utført i tråd med gjeldande regelverk, som mellom anna Forskrift for badeanlegg, bassengbad og badstu m.v., samt internkontrollforskrifta. Radøy kommune er i ferd med å ta i bruk dataverktyet Norik Web for på ein sikker måte å oppfylla krava til internkontroll i tråd med internkontrollforskrifta. Med Norik Web får Radøy kommune ein samla oversikt over viktige HMS – tiltak, og kan i tråd med lovar og reglar driva systematisk overvaking og sikra at internkontrollen fungerer som den skal.*

*Einingsleiar Drift rapporterer til Kommunalsjef.*

**Tiltaksplan:** Vert tatt i vare ved å nytta systemet i NORIK Web. Mål at NORIK WEB vert implementert i drifta fullt ut frå 01.01.2016.

*Skriftlege prosedyrar/rutinar for etterleving av forskriftas kap.II,III og IV.  
Vil også verta tatt i vare ved å nytta NORIK WEB.*

**Tiltaksplan:** *Vert å implementera i drifta frå 01.01.2016.*

### **§5Opplysningsplikt til tilsynsmynda**

Det må utarbeidast internkontrollrutinar for å informere/varsle tilsynsmynda (miljøretea helsevern) ved uforutsette forhold og avvik som kan medføra helsemessig risiko (t.d. klorsvikt, sirkulasjonsvikt og liknande.)

*Tiltak som nevnt over er rutiner me meiner i ha og som er innarbeid i heile organisasjonen. Me vil likevel gå gjennom og sjå på kvifor dette punktet har kome opp og om det eventuelt kan ha sin årsak i svikt ved vår formidling av rutiner og opplæring.*

**Tiltaksplan:***Gå gjennom våre interne rutiner på nytt. Frist 01.01.2016.*

Med helsing

Einar Færø  
leiar teknisk drift

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Miljøretta helsevern